

MØTEPROTOKOLL

Utval: Vik kyrkjelege fellesråd

Møtestad: Vik kommunehus

Møtedato: 19.12.22

Start kl. 13.00 – 16.00

Til stades på møte: Leif Eikeland, Laila Sunde, Karen Melhus, Kari Haga, Marianne Bøthun
(vara)

Frå administrasjonen: Marit Andersen, kyrkjeverje

Fråvær: Rolf Arne Olsen, Endre Nese, Roy Egil Stadheim

Sak 25/22 Godkjenning av innkalling og sakliste.

Vedtak: Ingen merknad

Sak 26/22 Godkjenning av referat frå møtet 7.9.22.22

Vedtak: Ingen merknad

Sak 27/22 Orienteringssaker

- Tilskot; straumstøtte frå staten på kr 90 000 for 2022 er innvilga slik det vart søkt om.
- Fellesmøte med sokneråd og drøfting av felles sokneråd er avvikla 15.5.22 med god oppslutnad
- Val 2023 for sokneråd vil skje i september. Orientering om datoar som er viktig å merke seg og fristar for nominasjons arbeidet. Etter lyser vedtak i enkelte sokneråd når det gjeld prosess og nominasjonskomité. Det er halde møter i Fresvik, Feios, Vangsnes og Vik.
- Gjennomgang av lydanlegg i kyrkjene; tilbod frå Spilt(Voss). Tilbod på investering på om lag 10 000 i kvar av kyrkjene Fresvik, Feios, Vangsnes og Arnafjord. Då får ein ny bøylemikrofon og mikrofon ved lesepult + tilhøyrande utstyr. I Vik kyrkja vart det foreslått ei større investering på kr 260 000. I budsjettet for 2023 (sjå sak 32) er det framlegg om å gjennomføre investeringa for kyrkjene Fresvik, Feios, Vangsnes og Arnafjord .
- Status på handsaming av søknad til Bjørgvin/ Riksantikvaren – Feios kyrkje. Leiar purrar på vidare innsending av dokumentasjon.
- Arbeidet med å registrere graver , oppdatering av opplysningar om gravene og tilbod om festeavgift . det har vore eit stort og tidkrevjande arbeid som også held fram i 2023. pr. i dag er det kome inn om lag 350 000, men endeleg rekneskapstal vert lagt fram for fellesrådet når dei er klar.

Sak 24/22 Bøk ved Hopperstad

Vedtak: Vik kyrkjelege fellesråd tek saka til vitande. Rådet held fast ved den utgreiing og vurdering som vart gjort av Tree Solution, Riksantikvaren og vedtak i fellesrådet i 2016. Her er det vedteke at det skal gjerast ny vurdering av treet i 2026. Leif Eikeland vil synfare aktuelle gravminne etter møtet i fellesrådet.

Fellesrådet vil ha ein kontroll kvar vår på gravplassen med omsyn til at gravminna er stabile.

Samrøysta vedteke

Sak 28/22 Val av leiar og nestleiar for neste år

Leif Eikeland er samrøysta attvald som leiar og Laila Sunde som nestleiar.

Sak 29/22 Universell utforming av tilkomst til kyrkjene i Vik

Vedtak: Skisse for universell utforming ved Vik kyrkje vert vedteken slik den ligg føre. Det vert arbeidd vidare med detaljprosjektet som, saman med budsjett for tiltaket, vert lagt fram for fellesrådet før arbeider startar. Universell tilkomst skal også vurderast i dei andre kyrkjene. Tiltaksplan skal leggjast fram for fellesrådet.

Samrøysta

Handsaming: Vik kommunestyre har løyvd kr 500 000 til prosjektet. Ein vil snarast sende søknad om godkjenning frå Bjørgvin bispedømme.

Sak 30/22 Minnelund og gamle graver ved Fresvik gravplass

Vedtak: Fellesrådet set pris på initiativet i saka frå Fresvik sogelag og Fresvik sokneråd. Dei vert oppfordra til å gå vidare blant anna med innhenting av opplysningar / saker / planlegging. Deretter opp i Fellesrådet når den tida kjem.

Samrøysta vedteke

Handsaming i møtet: Marianne orienterte om planane og synte bilete over gravplassen i Fresvik.

Sak 31/22 Personalsituasjonen; status etter utlysing

Vedtak: Stillinga som kyrkjelydspedagog/ kyrkjelydsmedarbeidar vert lyst ut på nytt tidleg i januar 2023.

Leiar for fellesrådet og kyrkjevevjerje handsamar og gjer vedtak i saka om tilsetjing av organist. Stillinga kan utvidast til 70 % fast stilling. Dersom organist og trusopplærar kan kombinerast, kan dette medføre ytterlegare auka stilling.

Samrøysta

Sak 32/22 Budsjett for Vik kyrkjeleg fellesråd 2023

Vedtak: Framlegg til budsjett for 2023 for Vik kyrkjeleg fellesråd vert vedteke slik det ligg føre.

Samrøysta

Sak 33/22 Ymse

- Leif Eikeland etterlyser reperasjon av takheller i Feios. Marit orienterte.
- Leif Eikeland etterlyser referat frå møte på Skei. Marianne beklagar at ho ikkje kunne reise grunna ver tilhøve.
- Neste møte i slutten av februar.
- Marit orienterte om fråvær i januar. Kirsti vert konstituert som kyrkjevevje.

2.1.23

Marit J Andersen

Kyrkjevevje/ referent